

Modalen kommune
Postboks 44
5729 MODALEN

Dato	17.11.2022
Vår referanse	2022/93651-2
Dykkar referanse	
Sakshandsamar	Merete Farstad
E-post	Merete.Farstad@vlfk.no
Telefon	97742381

Godkjent regional plan for vassforvaltning 2022-2027 – invitasjon til møte om oppfølging av planen

Regional plan for vassforvaltning er ein heilskapleg plan for vassmiljøet og vassforvaltninga. Planen skal liggje til grunn for alle sektoravgjerder om vatn. Planen er no godkjent av Klima og miljødepartementet i samråd med aktuelle departement og er gjort gjeldande frå 31.10.22. Vi ber alle kommunar, fylkeskommunar og statlege etatar følgje opp planen innan sine ansvarsområde.

Vi inviterer alle kommunar, vassområdeutval i Vestland, Vestland vassregionutval og regional referansegruppe til møte 7. desember. Tema vert godkjenning og oppfølging av planen. Møtet vert innleia med eit par innlegg om flaum og restaurering av vassdrag samt status for fjordane våre.

Vedtak og godkjenning av planen

Den oppdaterte vassforvaltningsplanen er ein regional plan utarbeidd etter plan- og bygningslova og vassforskrifta, og vart vedteken i fylkestinget i Vestland 16. mars 2022 og dei andre fylka som har eit areal innanfor vassregionen i desember 2021.

Miljødirektoratet har i samråd med NVE og andre aktuelle direktorat laga ei tilråding til departementa der dei spesielt har sett på om nasjonale føringar er fylgt opp og om det er skissert tilstrekkeleg med tiltak for å nå miljømåla.

Planen er godkjent av Klima- og miljødepartementet i samråd med Olje- og energidepartementet (OED) og andre aktuelle departement. Klima og miljøminister Espen Bart Eide og statssekretærar frå fleire departement presenterte innhaldet i [godkjenningsdokumenta](#) på den nasjonale vassmiljøkonferansen 31.10.22. Videoopptak av presentasjonane frå vassmiljøkonferansen vert gjort tilgjengeleg på www.vannportalen.no.

Godkjenningsdokumentet er retta mot sjølve vassforvaltningsplanen. Tiltaksprogrammet og handlingsprogrammet knytt til planen vart gjort gjeldande av dei aktuelle fylkestinga i mars 2022 og desember 2021 (skal ikkje godkjennast av Klima og miljødepartementet).

Endring av planen gjennom godkjenning

Det er gjort endringar i planen gjennom godkjenninga. Sjå [godkjenningsdokumentet for Vestland](#) for nærmare informasjon om dette. Vi vil gå nærmare inn på kva dette inneber i møtet 7. desember 2022 (informasjon om møtet følger under).

Det vert utarbeida ein oppdatert versjon av vassforvaltningsplanen når vi kjenner til kva endringane fører til i praksis.

Invitasjon til møte 7. desember 2022

Vi inviterer Vestland vassregionutval, alle vassområdeutval i Vestland og regional referansegruppe til eit digitalt møte 7. desember kl. 9-11. Hovudtema vert godkjenning og oppfølging av planen. Program for møtet ligg i vedlegg 1.

Vi ber alle regionale etatar vere budd på å orientere om tiltaka dei vil gjennomføre for å nå miljømåla. Viktige tema som kommunane må følgje opp vert presisert i møtet.

Eit av dei prioriterte områda i planen er *Restaurering av vassdrag, klimatilpassing og flaumsikring*. Vi legg difor opp til eit tema om korleis dette kan kombinerast for å oppnå betre miljøtilstand.

- Klimatilpassing og restaurering av vassdrag - korleis sikre mot framtidens flaumrisiko utan å skade miljøet? Resultat frå det 5-årig Fou prosjektet *Flom og miljø i et endret klima. Innovative metoder for restaurering og betre miljøtilstand* v/ Ulrich Pulg, NORCE, LFI

Korleis står det til med fjordane i Vestland? [Oslofjorden](#) har store utfordringar med m.a. for mykje tilførsel frå næringsstoff (eutrofi), og hovudkjelder er påverknad frå avløp og landbruk. Fjordane i Vestland har og næringstilførsel frå akvakultur og høgt innhald av miljøgifter. Korleis står det til med fjordane i Vestland? Kan vi slappe av, bør vi vere på vakt eller er vi ille ute? Dette vert belyst nærmare i eit innlegg om status for fjordane.

Vi sender ut kalenderinvitasjon til alle kontaktpersonane vi har i Vestland vassregionutval, alle vassområdeutvala og regional referansegruppe med ei lenke som de kan kople dykk opp på. Andre som vil delta på dette møtet (vararepresentantar, andre i kommunen enn kontaktpersonane etc.) kan sende ei påmelding til merete.farstad@vlfk.no. Vi sender då ut ei lenke til dei påmelde dagen før møtet.

Det vert møte for medlemar av Vestland vassregionutval etter dette møtet. Eiga innkalling til dette møtet vert sendt til dei det gjeld.

Oppfølging av vassforvaltningsplanen i Vestland

Vassregionstyresmakta (VRM) for Vestland vassregion (Vestland fylkeskommune) ber alle kommunar, fylkeskommunar og statlege etatar om å bruke sine verkemiddel til å nå miljømåla sett i planen. Tiltaka for å nå miljømåla er summert opp i tiltaksprogrammet og ligg tilgjengeleg i Vann-nett.no på den enkelte vassførekomst. Vedtak om gjennomføring av enkelttiltak som inngår i tiltaksprogrammet skal treffast av ansvarleg styresmakt etter relevant lovgjevnad. Tiltaka skal vere operative seinast tre år etter at tiltaksprogrammet er fastsett jf. § 25 i vassforskrifta.

Alle sektorstyresmakter skal oppdatere gjennomføring av sine tiltak i Vann-nett.

Vassområdekoordinatorane (VOK) gjer denne jobben for kommunane og vil ein gong i halvåret ha kontakt med kommunane for å oppdatere tiltaksstatus i Vann-nett. Oppdatering av tiltaka i Vann-nett er nærmare presisert i aktivitet 6 handlingsprogrammet til planen for Vestland;

Sektorstyresmakter og VOK oppdaterer kontinuerleg status for gjennomførte tiltak i Vann-nett. VRM legg ut status for gjennomføring av tiltak to gonger årleg på Vannportalen.no. Status for gjennomføring av tiltak vert årleg tema på møta i vassregionutvalet og i vassområdeutvala. Vann-nett må vere oppdatert før midtvegsrapportering til ESA. Miljødirektoratet/ KLD har ansvar for å rapportere til ESA.

Juridisk verknad av godkjent plan

Regional plan for vassforvaltning skal leggjast til grunn for regionale organ si verksemd, og for kommunal og statleg planlegging og verksemd i regionen, jf. vassforskrifta § 29 og plan- og bygningslova § 8-2. Planvedtaket forpliktar offentlege myndigheiter til å følgje opp og gjennomføre planen. Planen vil vere eit grunnlag for statleg planlegging og vidare tiltak, budsjett og enkeltvedtak. Forpliktinga gjeld både for kommunar, statlege organ og regional myndigheit.

Med uttrykket "leggjast til grunn" er det ikkje meint at planen fører til absolutte forpliktingar av rettsleg art. Planen er likevel eit grunnlag for å reise motsegn til planforslag etter plan- og bygningslova, som kan ha rettsleg binding.

Det kan oppstå situasjonar eller komme fram ny eller meir presis kunnskap i enkeltsaker som planen ikkje har fanga opp. Slike tilhøve kan tilseie andre løysingar enn det som følgjer av planen. Det må

liggje føre endringar i føresetnadene, som oppdatert kunnskap, eller andre særskilde grunnar for å fråvike ein plan som er vedteken. Dette kan gjere det naudsynt å endre eller gjere unntak frå det fastsette miljømålet for neste planperiode.

Dersom resultatet av overvaking eller andre data indikerer at det fastsette miljømålet i ein vassførekomst ikkje vil bli nådd, skal årsaka til dette klarleggast og nye tiltak vurderast.

Med helsing

Endre Høgalmen

seksjonssjef

NPI - Naturressursar, landbruk og reiseliv

Merete Farstad

seniorrådgiver

NPI - Naturressursar, landbruk og reiseliv

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

Mottakarliste

Viken fylkeskommune	Postboks 220	1702	SARPSBORG
Innlandet fylkeskommune	Postboks 4404	2325	HAMAR
	Bedriftssenteret		
Vestfold og Telemark fylkeskommune	Postboks 2844	3702	SKIEN
Rogaland fylkeskommune	Postboks 130 Sentrum	4001	STAVANGER
Møre og Romsdal fylkeskommune	Postboks 2500	6404	MOLDE
Statsforvaltaren i Vestland	Statens hus - Njøsavegen 2	6863	LEIKANGER
Fiskeridirektoratet region Vest	Postboks 185 Sentrum	5804	BERGEN
Statsforvalteren i Oslo og Viken	Postboks 325	1502	MOSS
Statsforvaltaren i Møre og Romsdal	Postboks 2520	6404	MOLDE
Statsforvalteren i Innlandet	Postboks 987	2604	LILLEHAMMER
Statsforvaltaren i Rogaland	Postboks 59	4001	STAVANGER
Kystverket	Postboks 1502	6025	ÅLESUND
Mattilsynet, Sør og Vest	Jærveien 12	4319	SANDNES
NVE	Postboks 5091, Majorstua	0301	OSLO
Statens vegvesen	Postboks 1010 Nordre Ål	2605	LILLEHAMMER
Jernbanedirektoratet	Postboks 16 Sentrum	0101	OSLO
Direktoratet for mineralforvaltning	Ladebekken 50	7066	TRONDHEIM
Forsvarsbygg	Postboks 405 Sentrum	0103	OSLO
Miljødirektoratet	Postboks 5672 Torgarden	7485	TRONDHEIM
Sogndal kommune	Postboks 153	6851	SOGNDAL
Alver kommune	Postboks 4	5906	FREKHAUG
Askvoll kommune	Postboks 174	6988	ASKVOLL
Askøy kommune	Klampavikvegen 1	5300	KLEPPESTØ
Aurland kommune	Vangen 1	5745	AURLAND
Austevoll kommune	Birkelandsvegen 2	5392	STOREBØ
Austrheim kommune	Sætremarka 2	5943	AUSTRHEIM
Bergen kommune	Postboks 7700	5020	BERGEN
Bjørnafjorden kommune	Postboks 24	5649	EIKELANDSOSEN
Bremanger kommune	Postboks 104	6721	SVELGEN
Bømlo kommune	Leirdalen 1	5430	BREMNES
Eidfjord kommune	Simadalsvegen 1	5783	EIDFJORD
Etne kommune	Sjoarvegen 2	5590	ETNE
Fedje kommune	Postboks 54	5947	FEDJE
Fitjar kommune	Postboks 83	5418	FITJAR
Fjaler kommune	Dalstunet 20	6963	DALE I
			SUNNFJORD
Gløppen kommune	Grandavegen 9	6823	SANDANE

Gulen kommune	Eivindvikvegen 1119	5966	EIVINDVIK
Hyllestad kommune	Kommunehuset	6957	HYLLESTAD
Høyanger kommune	August Gunnarskogs gt. 1	6993	HØYANGER
Kinn kommune	Postboks 294	6701	MÅLØY
Kvam kommune	Grovagjelet 16	5600	NORHEIMSUND
Kvinnherad kommune	Rosendalsvegen 10	5470	ROSENDAL
Luster kommune	Rådhuset	6868	GAUPNE
Lærdal kommune	Postboks 83	6886	LÆRDAL
Masfjorden kommune	Austfjordvegen 2724	5981	MASFJORDNES
Modalen kommune	Postboks 44	5729	MODALEN
Osterøy kommune	Hatland	5282	LONEVÅG
Samnanger kommune	Tyssevegen 217	5650	TYSSE
Solund kommune	Hardbakke 26	6924	HARDBAKKE
Stad kommune	Rådhusvegen 11	6770	NORDFJORDEID
Stord kommune	Postboks 304	5402	STORD
Stryn kommune	Tonningsgata 4	6783	STRYN
Sunnfjord kommune	Postboks 338	6802	FØRDE
Sveio kommune	Postboks 40	5559	SVEIO
Tysnes kommune	Rådhuset	5685	UGGDAL
Ullensvang kommune	Opheimsgata 31	5750	ODDA
Ulvik kommune	Skeiesvegen 3	5730	ULVIK
Vaksdal kommune	Konsul Jebsensgate 16	5722	DALEKVAM
Vik kommune	Postboks 134	6891	VIK I SOGN
Voss herad	Postboks 145	5701	VOSS
Øygarden kommune	Ternholmvegen 2	5337	RONG
Årdal kommune	Statsråd Evensensveg 4	6885	ÅRDALSTANGEN
Volda kommune	Stormyra 2	6100	VOLDA
Strand kommune	Postboks 115	4126	JØRPELAND
Vanylven kommune	Rådhuset	6143	FISKÅ
Vang kommune	Tyinvegen 5161	2975	VANG I VALDRES
Lom kommune	Sognefjellsvegen 6	2686	LOM
Skjåk kommune	Moavegen 30	2690	SKJÅK
Nore og Uvdal kommune	Sentrum 16	3630	RØDBERG
Hol kommune	Ålmannvegen 8	3576	HOL
Ål kommune	Torget 1	3570	ÅL
Hemsedal kommune	Hemsedalsvegen 2889	3560	HEMSEDAL
Tysvær kommune	Postboks 94	5575	AKSDAL
Haugesund kommune	Postboks 2160	5504	HAUGESUND
Sauda kommune	Postboks 44	4201	SAUDA
Vindafjord kommune	Rådhusplassen 1	5580	ØLEN

Vedlegg 1

Program for møtet 7. desember kl. 09.00 – 11.00

Kl. 9.00 – 10.00

Velkommen

Klimatilpassing og restaurering av vassdrag - korleis sikre mot framtidens flaumrisiko utan å skade miljøet? Resultat frå det 5 - årig Fou prosjektet *Flom og miljø i et endret klima. Innovative metoder for restaurering og betre miljøtilstand* v/ Ulrich Pulg, NORCE, LFI

Fjordane i Vestland – treng vi å vere på vakt?

Kl. 10.00 – 11.00

Godkjenning av vassforvaltningsplanen for Vestland - kva inneber den? Vektlegging av endringar som vert gjort gjennom godkjenning. Ca. 15 min

Oppfølging av planen frå sektorstyresmaktar. Kvar sektorstyresmakt møter budd på inntil 5 min innlegg om dei viktigaste tiltaka dei vil gjennomføre for å betre vassmiljøet. Tilsaman ca. 45 min inkludert spørsmål